



Leiar av vassverket Hans Reidar Kjærland ved hovudinntaket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vassverket i Uskedalen har ikkje så langt denne vinteren opplevd noko forsyningskrise, men leiar Hans Reidar Kjærland finn det no på sin plass med ei oppmoding; Bruk ikkje meir vatn enn nødvendig. Gjer du det, kan det bli krise hvis kaldveret held fram.

Kjærland opplyser at forbruket sidan nyårshelga har lege 30 prosent over det normale - det vil seia på 8-9 liter i sekundet medan det normale er 5-6 liter. Noko anna forklåring på auken enn at folk lar vannet renna av frykt for frost finn ikkje Kjærland. Men så langt har ikkje vassverket høyrte om at vatnet har frose for nokon her i bygda. Det tyder på at abonnentane er flinke når det gjeld å planleggja for ein eventuell kald vinter.

Kjærland minnst den siste krisevinteren med omsyn til vassforsyninga i Uskedalen. Det var 2006 då det etter ein lengre periode med kaldt og svært nedbørfattig ver vart nødvendig å innføra restriksjonar i slutten av februar. Den klart største vassforbrukaren Hjørnevåg stilte seg då positivt til å trappa ned vassforbruket og berga på den måten situasjonen for andre i bygda. Den gongen auka tilsiget att mot slutten av februar då jordtemperaturen steig.

- Bedriftsleiinga bør nok ha ein mogeleg situasjon som den i 2006 i tankane også denne gongen, men vassverkleiaren strekar under at det førebels ikkje er noko krise. Det kan ein ikkje minst takka det tjukke laget med isolerande snø for.

Men i dag måndag blir det som ein beredskap etablert ei reserveforsyning ovanfor hovudinntaket i Eikedalen. I tilfelle krise kan det også etablerast eit reserveinntak nummer to og då nedanfor vassverkbygningane.

Av Ola Matti Mathisen